

STRATEGIPLAN FOR DEN KULTURELLE SKULESEKKEN I ROGALAND

2013 – 2016



Den stygge andungen. Scenekunst. 1. – 4. trinn.

**ROGALAND FYLKESKOMMUNE
SEKSJON FOR ALLMENN KULTUR
SEPTEMBER 2013**



Blues for barna. Skulekonsert. 1. – 7. trinn.

INNHOLD

1. DEN KULTURELLE SKULESEKKEN	s. 4
Bakgrunn	s. 4
Finansiering	s. 5
Andre viktige føringer	s. 7
2. OM PLANEN	s. 9
3. STATUS	s. 10
4. VISJON, MÅL OG HOVUDUTFORDRINGER I ROGALAND	s. 13
Visjon	s. 13
Hovudmål	s. 14
Hovudutfordringar	
5. HANDLINGSPLAN	s. 16
Kunstnarisk produksjon	s. 16
Formidling	s. 16
Turnélegging/logistikk	s. 17
Informasjon	s. 17
Grunnskule	s. 19
Vidaregåande skule	s. 21
Barnehage	s. 22
Utøvarar	s. 23
Samarbeid med kunst- kultur- og utdanningsinstitusjonar	s. 25
Samarbeid med Ungdommens kulturmönstring og kulturskulane	s. 27
6. OPPSUMMERING OG PRIORITERTE OPPGÅVER	s. 28
7. FAKTA OG STATISTIKK	s. 29

1. DEN KULTURELLE SKULESEKKEN

BAKGRUNN



Stortingsmelding nr. 8 (2007 – 2008) *Kulturell skulesekk for framtida*.

Den kulturelle skulesekken (DKS) er ei nasjonal satsing som skal bidra til at alle skuleelevar i Noreg får møta profesjonell kunst og kultur av alle slag. DKS er eit samarbeid mellom Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet, og er forankra i Stortingsmelding nr. 8 (2007 – 2008) *Kulturell skulesekk for framtida*.

DKS er ei varig ordning finansiert av spelemidlar. Rikskonsertanes skulekonsertordning er i dag ein integrert del av DKS i Rogaland.

I Stortingsmelding nr. 8 er måla og prinsippa for ordninga nedfelt.

Måla for Den kulturelle skulesekken er:

- å medverka til at elevar i skulen får eit profesjonelt kunst- og kulturtildobd
- å leggja til rette for at elevar i skulen lettare skal få tilgang til, gjera seg kjende med og utvikla forståing for kunst- og kulturuttrykk av alle slag
- å medverka til å utvikla ei heilskapleg innlemming av kunstnariske og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulens læringsmål.

Den kulturelle skulesekken skal utformast og uavlateleg vurderast ut frå eit sett med prinsipp for ordninga (Stortingsmelding nr.8):

Varig ordning : Den kulturelle skulesekken skal vere ei varig ordning for elevar i skulen.

For alle elevar : Den kulturelle skulesekken skal femne om alle elevar i grunnskulen og den vidaregåande opplæringa, uavhengig av kva skule dei går på og kva økonomisk, sosial, etnisk og religiøs bakgrunn dei har.

Realisere mål i læreplanverket : Innhaldet i kunst- og kulturtildoba i Den kulturelle skulesekken skal medverke til å realisere skulen sine mål slik dei kjem til uttrykk i den generelle delen i læreplanverket og i dei ulike læreplanane.

Høg kvalitet : Elevane skal møte profesjonelle kunst- og kulturtildobd med høg kunstnarleg kvalitet.

Kulturelt mangfald : Den kulturelle skulesekken skal omfatte ulike kunst- og kulturuttrykk med røter i eit mangfald av kulturar og frå ulike tidsperiodar.

Breidd e: Både musikk, scenekunst, visuell kunst, film, litteratur og kulturarv skal vere representerte i Den kulturelle skulesekken. Det skal vere variasjon i formidlingsmåtane.

Regularitet : Elevane skal sikrast eit regelmessig tilbod på alle klassetrinn.

Samarbeid kultur-skule : Arbeidet med Den kulturelle skulesekken skal skje i eit godt samarbeid mellom kultur- og opplæringssektoren på alle nivå. Det skal sikrast god forankring og tid til planlegging i skulen.

Rollefordeling kultur-skule : Opplæringssektoren har ansvaret for å legge føre- og etterarbeid pedagogisk til rette for elevane, medan kultursektoren har ansvaret for kulturinhaldet i Den kulturelle skulesekken og for å informere om innhaldet i god tid.

Lokal forankring og eigarskap : Den kulturelle skulesekken må forankrast lokalt, i den enkelte skulen, kommunen og fylket. Dette sikrar lokal entusiasme og gjev rom for mange lokale variantar, slik at alle skal kunne kjenne eigarskap til Den kulturelle skulesekken.

Den kulturelle skulesekken er eit tilbod som går til elevar i grunnskulen og i vidaregåande skular. Barnehagane i fylket får eit avgrensa tilbod om konserter i samarbeid med Rikskonsertane.

Den kulturelle skulesekken har vore ein del av regjeringa si kulturpolitiske satsing for grunnskolen sidan 2001, og vart frå 2008 utvida til å også gjelda den vidaregående skulen. Dette vil seia at alle elevar – frå 6 til 19 år – i dag er innlemma i ordninga.

Kulturdepartementet har ansvaret for ordninga på nasjonalt nivå og fordeler spelemidlane årleg. Samarbeidet mellom Kultur- og Kunnskapsdepartementet er organisert av ei styringsgruppe leia av Kulturdepartementet. Det daglege arbeidet er lagt til sekretariatet, som er plassert i Norsk kulturråd.

Det er fylkeskommunane som har ansvaret for at Den kulturelle skulesekken kjem alle elevane i fylket til gode og for å tilby kunst- og kulturproduksjonar av høg kvalitet. Det er fylkeskommunen som får tildelt heile summen av spelemidlar til produksjonar og vidarefordeling til kommunane, og det er fylkeskommunen som skal godkjenna planar og rapportar frå kommunane.

Fylkeskommunane skal også medverka til å utvikla ordninga i kommunar og skular, og dei har ansvaret for å samordna tilbodet i regionen.

Fylkeskommunen har vidare ansvaret for at arbeidet med Den kulturele skulesekken er forankra i fylkeskommunen sitt planverk.

FINANSIERING

Den kulturelle skulesekken vert i dag i hovudsak finansiert gjennom spelemidlar. For skuleåret 2013/2014 går vel 200 millionar kroner av overskotet frå Norsk Tipping AS til DKS. Spelemidlane kan ikkje nyttast til administrasjon og kompetanseheving, difor satsar både fylkeskommunar, kommunar og kunst- og kulturinstitusjonar store ressursar på Den kulturelle skulesekken. Det årlege tildelingsbrevet frå Kulturdepartementet inneheld føringar for korleis pengane skal brukast.

I skuleåret 2013/2014 sender DKS Rogaland ut 25 ulike DKS-produksjonar og 17 skulekonsertar til grunnskulane. Sju av skulekonsertane er produserte i Rogaland. Dei vidaregåande skulane fekk 23 ulike DKS-produksjonar å velja mellom.

For skuleåret 2013/2014 fekk Rogaland tildelt i alt 16 129 273 kroner til produksjonar i grunnskule og vidaregående skule. Av den delen som skal tilfalla grunnskulen, vert 35 % fordelt til kommunane til lokale DKS-tiltak. Kommunane Karmøy og Stavanger får etter avtale tildelt 100% av sin del av midlane.

For kalenderåret 2013 fekk Rogaland tildelt kr. Kr. 3 736 533,- frå Rikskonsertane. Av denne summen skal kr. 768 990,- nyttast til administrasjon. Det vil seia ei stilling som musikkprodusent.

Til barnehageproduksjonar får Rogaland tildelt ca 200 000 kroner frå Rikskonsertane. Her er det føresetnaden at fylkeskommunen set av like mykje i eige budsjett.

Per dato er seks heile stillingar knytt til DKS, utrekna til ca 3,5 millionar kroner. Ei av desse er finansiert av Rikskonsertane.

Det samla driftsbudsjettet (det som ikkje kan takast av spelemidlane) er på kr. 746 000,-. Dette skal dekkja informasjon (KSYS-systemet og katalog), kulturtorg og seminar for grunnskular, vidaregåande skular og kommunar. Reiser, telefon, kompetanseheving og møteverksemd for DKS-gruppa. Summen vart ikkje auka ved innføring av DKS i vidaregåande skule.



Hus må me ha... Kulturarv. 1. – 7. trinn.

ANDRE VIKTIGE FØRINGAR

I tillegg til Stortingsmelding nr. 8 og det årlege tildelingsbrevet frå Kulturdepartementet, ligg det òg viktige kulturpolitiske føringar frå statleg og regionalt hald.

Rogaland fylkeskommune sitt utfordringsdokument 2013

Fylkeskommunen skal bidra til å gjennomføra den nasjonale kulturpolitikken, utvikla og gjennomføra ein regional kulturpolitikk og skapa forståing for eigenverdien til kulturen.

Den kulturelle skulesekken og Rikskonsertane gjev fylkeskommunen økonomisk støtte, og fylkeskommunen er det forvaltningsorganet som administrerer dei statlege overføringane.

NOU 2013: 4 Kulturutredningen 2014



Kulturutredningen 2014 skisserer nokre spørsmål som i hovudsak er kome fram under forskingsprosjektet som UniRokkansenteret og Høgskulen i Bergen fullførte sommaren 2013.

For det første eksisterer det ei viss spenning mellom utdannings- og kultursektoren kring DKS. Det er Kulturdepartementet som har initiert og definert DKS. Det er ei utfordring å skapa godt samarbeidsklima og praktisk samarbeid mellom dei to sektorane på alle nivå.

Dernest vert barn og unges perspektiv trekt fram. Det er retta kritikk mot at DKS i liten grad skjer på barnas premissar. Det vert tilrådd at barn og unge i større grad vert involverte som deltakarar, kritikarar, dialogparthnarar og deltakarar i avgjelder på alle nivå.

Ei tredje problemstilling er om DKS verkeleg er for alle barn. Ein tenkjer her t d på funksjonshemma barn og barn frå ulike etniske og språklege minoritetar. Enkelte kommunar praktiserer ordninga slik at skular kan velja/velja bort DKS-arrangement.

Eit fjerde tema er problemstillingar knytt til kunstnarisk kvalitet. Kva for prosessar er det som sikrar «god kvalitet»? Her er det også stilt spørsmål om ordninga kan stivna og at det vert utvikla ein eigen DKS-kunst.

Det siste tema handlar om DKS og kunstfaga i skulen. Er det slik at DKS overtek lærarane si rolle og at kunstfaga vert nedprioritert? Vert lærarane sin kunstfaglege og pedagogiske kompetanse nedvurdert og kunstfaga «outsourca» til DKS? I så fall vil dette vera skadeleg for begge partar, då erfaringane viser at skular med høg kunstfagleg kompetanse i større grad lukkast med å integrera DKS-opplevelingane i skulekvardagen.

Det regjeringsoppnemnde utvalet som står bak *Kulturutredningen 2014* konkluderer likevel med at dei utfordringane som eksisterer bør brukast til å utvikla og forbetra ordninga og at ein bør satsa sterkare på DKS i åra som kjem.

Kommunane sitt ansvar

Gjennom dei tildelte midlane skal kommunane skapa lokale tiltak. Kommunane utarbeider lokale planar for DKS-arbeidet.

Kvar kommune har ein kommunekontakt. Kommunekontakten planlegg og samordnar dei kommunale aktivitetane i samarbeid med ei kommunal DKS-gruppe, stort sett samansett av representantar for kultur, skule, bibliotek og kulturskule.

Kvar skule har ein kulturkontakt eller ei kulturgruppe som skal bidra til å skapa eit godt kulturmiljø på skolen og å organisera mottak av utøvarane som kjem på turné til skulen.

Det er i dag om lag 60 000 elevar i grunnskulen i Rogaland, og kvar av desse får minst to rikskonsertar og ein DKS-produksjon per år i tillegg til dei lokale produksjonane.

Vidaregåande skule

Dei om lag 16 000 elevane i offentleg vidaregåande skule i Rogaland får eit program som skulane sjølv vel frå. For skuleåret 2013/2014 vart 39 000 elevar påmeldde, eit snitt på 2,4 produksjonar per elev.

Rammeavtale om oppdrag for Den kulturelle skulesekken

Fylkesnettverket, dvs alle fylkeskommunane i landet, har møte to gonger i året saman med sekretariatet (Norsk kulturråd) og dei nasjonale aktørane.

Dette fylkesnettverket har utarbeidd ein rammeavtale om oppdrag for Den kulturelle skulesekken. Avtalen skal sikra at utøvarar får tilnærma dei same løns- og arbeidsvilkåra uansett kva for fylke som er oppdragsgjevar.

Rammeavtalen er godkjent av fylkeskultursjefnettverket, og det vert oppfordra til at dei og vert behandla politisk i kvart fylke. Avtalen skal reviderast kvart år i samsvar med andre løns- og avtaleforhandlingar.

2. OM PLANEN

Strategiplanen for 2013 – 2016 er i utarbeidd i Seksjon for allmennkultur i Rogaland fylkeskommune, etter innspel frå mellom anna kommunekontaktar og kulturkontaktar i fylket.

Planen byggjer på nasjonale og regionale føringer. Dei viktigaste er

- Stortingsmelding nr. 8 (2007 – 2008) Kulturell skulesekk for framtida
- Årlege tildelingsbrev frå Kulturdepartementet
- Gjeldande planar og føringer frå Rogaland fylkeskommune
- NOU 2013: 4 Kulturutredningen 2014
- Rammeavtale om oppdrag for Den kulturelle skulesekken.

Fylkeskommunen har ansvar for at arbeidet med DKS er forankra i fylkeskommunens planverk og skal vera forankra på politisk nivå i fylkeskommunen.

Planen skal tena som grunnlag for andre fylkeskommunale planar og vera eit internt styringsdokument.



Til Ungdommen. Film. Vidaregåande skule.

3. STATUS

Evaluering av utviklingsplanen for DKS i Rogaland 2008 – 2010

Planen vart vedteke i fylkestinget i 2008.

Planen legg til grunn at det viktigaste grunnlaget for DKS er at produksjonane held høg kunstnarisk kvalitet. Eit anna viktig punkt (også i tråd med måla i Stortingsmelding nr. 8), er at DKS må forankrast lokalt, i den enkelte skulen, kommunen og fylket.

Planen inneheld arbeidsmål for korleis dette kan sikrast.

Kulturseksjonen (no seksjon for allmennkultur) v/DKS Rogaland har arbeidd målretta for å oppnå dette. Gjennom vektlegging av medarbeidarane sin kunstnariske kompetanse og samarbeidsrutinar som skal sikra kvalitet og overlapping, er det grunn til å tru at ein har lukkast i dette.

Gjennom treffpunkt med kommunekontaktane og kulturkontaktane dei siste to åra, har tilbakemeldingane vore for det meste (nær sagt utelukkande) positive. Det gjeld kvaliteten på produksjonane, logistikken, informasjonen og fylkeskommunens tilgjenge og serviceinnstilling.

Når det gjeld lokal forankring, har desse treffpunktene vore del av denne strategien. Også her har vi fått svært positive tilbakemeldingar. Det er likevel ei utfordring her, og det gjeld stort sett små kommunar og utkantskommunar: Dei som arbeider med DKS i små kommunar, har ofte ei rekkje arbeidsområde. Dette gjer at dei ikkje kan prioritera å koma på samlingar og andre kompetansehevande tilbod. Utkantskommunane slit med lang reiseveg, stor avstand mellom skulane og større utgifter enn meir sentrale kommunar.



Kvinnekuppets. Kunstartar i sampel. 8. – 10. trinn.

**Kvalitet og forankring. En evaluering av Den kulturelle skolesekken i Rogaland.
Telemarksforskning 2009.**

Telemarksforskning gjorde i 2009 ei evaluering av DKS i Rogaland. Denne undersøkinga hadde særleg fokus på forholdet mellom fylkeskommunen og kommunane. Utgangspunktet var om det eigentleg var behov for fylkeskommunen som organisator. Vil kommunane kunne tilby elevane produksjonar av like høg kvalitet sjølv viss dei fekk fordela alle spelemidlane?

Undersøkinga gjev ikkje eit eintydig svar, men nokre grunnleggjande føresetnader:

- Ei vellukka kommunal 100%-forvaltning vil vera knytt til kommunens storleik og nærleik til bysentra, grunna nærleik til kulturinstitusjonar og enklare logistikk.
- Det er ein føresetnad at den kommunale DKS-koordinatoren har eit velfungerande lokalt nettverk og eit personleg engasjement.

Undersøkinga viste at det i fylket eksisterer ein grunnleggjande positiv forståing for DKS og at både brukarar og forvaltarar er nøgde. Undersøkinga viste dessutan at dagens organisering verkar vellukka og hensiktsmessig.

(Boka «Den kulturelle skolesekken», utgitt av Kulturrådet i 2013 har ei brei omtale av rapporten og resultata frå Rogaland.)



Skakke sanger. Skulekonsert. 1. – 4. trinn.

Dei vidaregåande skulane

Frå 2008 vart DKS innlemma i dei vidaregåande skulane etter pilotprosjekt i sju fylke. Kulturdepartementet gjorde det klart at fylkeskommunane hadde ansvaret for å gjennomføra ordninga, men sette ikkje spesielle krav til framdrift og metode.

Dei fleste fylka fekk tilført administrasjons- og driftsressursar, i Rogaland vart det rekna med at ordninga kunne utvidast ved bruk av eksisterande administrasjon og driftsbudsjet.


Resultatet vart ei noko haltande oppstart, der det vart gjort forsøk med prosjektskular, styringsgrupper og regionvise opptrappingar. Eit gjennombrot kom skuleåret 2011/2012, då vi for første gong gjekk ut med tilbod til alle dei vidaregåande skulane.

Framgangen hadde til dels årsak i at opplæringsavdelinga i fylkeskommunen oppnemnde ein medarbeidar som kontakt mot skulane. Men medarbeidarane i kulturseksjonen la også ned eit stort meirarbeid, i periodar noko venstrehandsarbeid, men det har gått framover, og for skuleåret 2013/2014 kunne vi tilby 23 ulike produksjonar. Vi fekk inn 39 000 påmeldingar fordelt på 16 000 elevar. Vi trur at dette skuldast at det i periodar har vore større kontakt med skulane, betre informasjon generelt og ikkje minst fellesmøte med kulturkontaktane i dei vidaregåande skulane.

Per dato er ressursen mot dei vidaregåande skulane igjen uavklart.

Det er viktig at DKS held høg kvalitet på produksjonar, formidling og logistikk, skal noko nedprioriterast, må det vera volumet.

Vi har for skuleåret 2013/2014 lagt opp til å gjennomføra to produksjonar per elev i snitt. Vi håpar dette kan vera eit realistisk volum for framtida.



Streets ahead. Visuell kunst. Vidaregåande skule

4. VISJON, MÅL OG HOVUDUTFORDRINGAR I ROGALAND

VISJON

Kvart barn/ungdom i skulen i Rogaland skal få opplevingar av høg kunstnarisk kvalitet uansett bustad, bakgrunn og økonomi. Desse opplevingane skal gje mottakarane noko anna og meir enn læring – dei skal røra ved dei, medverka til utvikling av heile mennesket og setja spor.

HOVUDMÅL

Kunstnarisk produksjon

Høg kunstnarisk kvalitet i alle produksjonar er hovudmålet for Den kulturelle skulesekken i Rogaland.

Formidling

Kvaliteten i sjølve formidlinga må få høgare prioritet. Det gjeld både den faglege kvaliteten i formidlinga, at formidlinga er tilpassa ulike publikumsgrupper og at formidlingssituasjonen er optimal.

Turnélegging/logistikk

Turnélegging og logistikk må vera presis og forutseibar i tid og form. Ei viktig utfordring er å spreia produksjonane over tid for den enkelte skulen.

Informasjon

Informasjon skal vera tilpassa målgruppa i form og innhold. Informasjonen skal som alt anna vera prega av høg kompetanse og kvalitet.



Eventyrskatten. Visuell kunst. 1. – 4. trinn

HOVUDUTFORDRINGAR

Denne planen kan likevel ikkje berre handla om det som kan gjerast betre i høve til dagens og fortidas skulesekk. Det kjem stadig nye utfordringar. Sidan førre plan vart skriven, har desse viktige momenta kome inn/fått fokus:

- Kunstnarisk kvalitet har alltid hatt hovudfokus i DKS Rogaland. Likevel er det lansert problemstillingar, t. d i *Kulturutredningen 2014*. Det vert stilt spørsmål om kva for prosessar som sikrar den kunstnariske kvaliteten og om ein kan utvikla ein «stivna DKS-kunst». Dette vil bli omtalt under *Kunstnarisk produksjon* i kapitlet under.
- For å vurdera kvalitet på produksjonar, logistikk og informasjon, er det behov for å utvikla system for tilbakemelding frå elevar, skular og utøvarar. Dette må vera lett å bruka for både sendar og mottakar og gje relevant informasjon. Kulturdepartementet peika i tildelingsbrevet for 2013/2014 på at *Det bør legges til rette for at skolene og elevene kan gi tilbakemelding på hvordan tilbudene i den kulturelle skolesekken fungerer, og at kunstnerne kan gi tilbakemelding på hvordan tilbudene blir mottatt i skolen.*
- I samarbeidsavtalen med Rikskonsertane er det stilt krav om nyskaping. Rogaland fylkeskommune får tilskot for å utvikla nye produksjonar innan musikk. Vi vil fokusera på gode nyproduksjonar innan musikk i planperioden. I tildelingsbrevet frå Rikskonsertane står: *Med utgangspunkt i normerte dagtal for 2013 skal det i Rogaland fylke gjennomføres et samlet konsertvolum på 380 konsertdager. Av disse skal Rogaland fylkeskommune planlegge og gjennomføre 190 konsertdager. I tillegg skal Rogaland fylkeskommune i 2013 produsere 2,5 nye produksjoner.*
- Vidaregåande skule. Det har vore eit krav sidan 2008 at dei vidaregåande skulane skal inn i DKS for fullt. Per juli 2013 har vi eit volum av produksjonar i vidaregåande skuler vi meiner er akseptabelt. Det er eit snitt på to produksjonar per elev per år.
- Dagens samarbeid med dei vidaregåande skulane gjeld i første omgang dei offentlege vidaregåande skulane. Vi har eit visst samarbeid med spesialskulane, men har òg eit ansvar overfor vidaregåande opplæring i vid forstand, t d i fengsla.
- Barn og unges medverking. I kulturutredninga vert barn og unges perspektiv trekt fram. Det er retta kritikk mot at DKS i liten grad skjer på barnas premissar. Det vert tilrådd at barn og unge i større grad vert involverte som deltarar, kritikarar og dialog- og beslutningstakarar på alle nivå. Dette vert vurdert under avsnittet om samarbeid med grunnskule og vidaregåande skule.
- Den kulturelle skolesekken, Ungdommens kulturmønstring (UKM) og Norsk kulturskuleråd signerte i 2010 ein intensjonsavtale og samarbeid mellom dei tre ordningane. Dette samarbeidet må også utviklast på fylkes- og kommunenivå.

- Samarbeid mellom utdannings- og kultursektoren. Det er i fleire samanhengar, og i mest alle offentlege dokument som omhandlar DKS, peika på at samarbeidet mellom kultur- og opplæringssektorane på alle nivå er viktig og problematisk. Vårt inntrykk er at samarbeidet fungerer godt på lågt nivå (skulenivå) og mindre bra på høgt nivå (statleg nivå). På fylkeskommunalt nivå finst det utfordringar, omtalt under avsnittet om samarbeid med kommunar.
- Rikskonsertane, som i dag er ein integrer del av det regionale DKS og nasjonal aktør innan musikk, har lansert omgrepet kombikonsertar. Dette inneber at DKS/Rikskonsertane skal leggja til rette for publikumskonsertar med utøvarar som er på turné med skulekonsertar.
- Rikskonsertane har uttrykt ønske om å utvida volumet på barnehagekonsertar. Dette krev større økonomisk tilskot frå fylkeskommunen samt større kapasitet til turnélegging og kunstnarisk produksjon.
- Utanom sjølve DKS, er det også kome signal om at fylkeskommunane skal overta ansvaret for Den kulturelle spaserstokken, som i dag er ei tilskotsordning administrert av staten. I så fall vil det krevja ressursar som ikkje kan takast frå Den kulturelle skulesekken.



I wish her well. Scenekunst. 8. – 10. trinn.

5. HANDLINGSPLAN

KUNSTNARISK PRODUKSJON

Høg kunstnarisk kvalitet i alle produksjonar er hovudmålet for Den kulturelle skulesekken i Rogaland. Dette kan vi oppnå ved

- Å tilsette med høg kompetanse
- Ha tilgang på eksternt kompetanse, til dømes gjennom samarbeid med nasjonale og regionale aktørar
- Ha interne rutinar som står måla, til dømes gjennom produsentgrupper, fagutval og verktøy for kvalitetssikring og evaluering.
- System for tilbakemelding frå elevar, skular og utøvarar

For å sikra kvaliteten i den enkelte produksjonen, er det naudsint at produsentane har kapasitet til å samarbeida om og diskutera dei enkelte produksjonane på fagleg grunnlag. Det er også ein føresetnad at produsentane har høve til å orientera seg i gode produksjonar for barn og unge, i første omgang gjennom dei kunsttorga som dei nasjonale aktørane arrangerer.

Systematiske rutinar for tilbakemelding frå kommunar og skular (elevar og lærarar) er også ein vesentleg del av kvalitetsutviklinga. Her må utviklast rutinar som kan fungera etter hensikta.

I avtalen med Rikskonsertane vert det stilt krav om 2,5 nye produksjonar per år. DKS Rogaland har levert fleire produksjonar som har fått gode tilbakemeldingar frå programrådet i Rikskonsertane. Vi har opparbeidd eit godt ry og kan våga å vera nyskapande.

Programmet må visa breidd med omsyn til sjanger og form, slik at den enkelte eleven får eit breitt spekter av kunstnariske opplevingar. Ved utforming av programmet er det også viktig å ta omsyn til at det skal kunna nå alle barn og unge – uansett fysiske og mentale føresetnader og kulturell og språkleg bakgrunn.

Grunnskuleelevane får i dag to skulekonsertar og ein DKS-produksjon. Dette er eit akseptabelt nivå, men også eit minimumsnivå. Vidaregåande skule har eit påmeldingssystem som gjer at det totale tilbodet kan variera frå skule/elev til skule/elev. Eit snitt på to produksjonar per år per elev bør vera eit akseptabelt nivå.

FORMIDLING

Kvaliteten i sjølve formidlinga må få høgare prioritet og ein må leggja større vekt på profesjonell formidling. Dei produksjonane som vert sendt ut er samansett av fleire komponentar: Eit kunstnarisk program (sjølve musikken, boka, kunstverket eller filmen), måten dette vert formidla på, det estetiske uttrykket og kommunikasjonen med publikum – mellom anna. Både den faglege kvaliteten i formidlinga, at formidlinga er tilpassa ulike publikumsgrupper og at formidlingssituasjonen er optimal, er viktige delar.

TURNÉLEGGING/LOGISTIKK

Turnélegging/logistikk er eit såbart, men i dag velfungerande arbeidsfelt. Til dette arbeidet er det i dag i underkant av ei stilling. Det sårbare er at sjølve jobben krev kompetanse som i dag berre to personar har, og at arbeidsoppgåvene må skje der og då – dei kan ikkje venta.

Etter at dei vidaregåande skulane har kome inn med full tyngd, har volumet for turnéleggjarane auka tilsvaranede.

Turnélegginga inneber at fleire oppgåver må leverast med faste fristar. Det gjeld særleg turnéplanane - for grunnskule 1. juni og for vidaregåande skule 17. august. Endringar i planane må gjerast fortløpende. Ein stor del av informasjonen ut til skulane er det turnéleggjarane som utfører.

Ved sjukdom eller andre former for fråvere er systemet svært såbart.

Det er viktig å spreia turnéverksemna over heile året, slik at ikkje alle kjem på ein gong. Dei vidaregåande skulane vil ikkje ha besøk etter 1. mai, ungdomsskulane (særleg 10. trinn) ønskjer hovudtyngda av DKS på hausten, grunna eksamen.

Utkantskular og -kommunar bør ha særleg merksemd, då dei har dårlegare tilgjenge til kulturinstitusjonar og –arrangement.

INFORMASJON

Den viktigast informasjonen er den som går ut til skulane i samband med turnéplanar, slik at skulane er førebudde på det som kjem og at opplevinga vert optimal for elevane. Turnéplanar og informasjon om dei enkelte produksjonane vert lagt ut på www.skolesekken-rogaland.no

Kontakt mellom skular og utøvarar på førehand er særskilt viktig. Det gjeld stadfesting av tidspunkt, detaljar omkring utstyr og oppsett m m. Det er produsentanes oppgåve å avtala dette med utøvarane og kontraktfesta det.

Vi må ha stor fokus på lærarrettleiingane/konsertinformasjonen. Desse må oppdaterast kvart år dersom produksjonen går over fleire år. Kontaktinformasjon til DKS Rogaland er ein del av informasjonen.

På nettsidene til DKS Rogaland vert det lagt ut informasjon i første omgang retta mot skular, utøvarar og kommunar. Her er også relevant informasjon til skulane om produksjonane, inkludert lærarrettleiingar/konsertinformasjon. Her ligg òg planar, offentlege føringar, skjema og ulike hjelpemiddel. Nettsidene er den viktigaste informasjonskanalen til samarbeidspartnerane.

DKS gjev ut ein katalog kvart år med informasjon om alle produksjonane og ulik kontaktinformasjon. Katalogen er DKS sitt «visittkort». Denne vert sendt skular, kommunar, kulturinstitusjonar m fleire.

Det er behov for ein meir målretta informasjonsstrategi retta mot ulike andre målgrupper. Dei fleste kjenner aktivitetane til DKS/Rikskonsertane, men få veit kven som står bak.

Desse målgruppene skal prioriterast:

- Politikarar
- Skuleeigarar/-leiarar
- Foreldre
- Elevar
- Lærarar
- Lærarstudentar

Politikarar bør bli presentert for smokebitar av DKS-produksjonar, gjerne saman med barn/ungdom.

Skuleleiarar må også få nærmare kjennskap til DKS og kva for resultat kunst og kultur kan gje i opplæringa.

Norsk kulturråd er i gang med å utarbeida ein felles presentasjon som skular og kommunar kan bruka i foreldremøte, rektormøte og politiske møte. DKS Rogaland vil bruka denne aktivt.

Lokalavisene bør informerast om produksjonar som visast i distriktet deira og oppmodast til å nemna at det er DKS/Rikskonsertane som står bak.

Vi vil også invitera representantar for målgruppene med på konsertar/visningars som går ut til skulane.

Planar og rapportar bør sendast politiske utval til vedtak eller informasjon.



The Power of Glesbygd. Scenekunst. 8. -10. trinn + vidaregåande skule.

GRUNNSKULE

Samarbeid med kommunane

Som skuleeigar har kommunane ansvaret for å forankra DKS i skulane i tråd med læreplanverket. Fylkeskommunen må leggja til rette for dette.

Det har hittil ikkje lukkast DKS å få til eit tettare systematisk samarbeid med leiinga innan oppvekst/skule i kommunane. Dette skuldast delvis at utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen ikkje har dei same koordinative oppgåvane overfor kommunane som før, og dermed ikkje har styringsrett overfor dei. Vi omtaler her ikkje samarbeid med kommunane enkeltvis, som vi opplever som godt, men skuleleiinga samla i Rogaland.

Rogaland fylkeskommune vil vidareutvikla nettverket for kommunekontaktar i DKS. For kommunekontaktane er det viktig med møteplassar der dei kan få ny kunnskap, utveksla erfaringar og idéar og vera med på å utvikla DKS i heile fylket.

Dette vil vi gjennomføra med kurs/møte kvar haust for nye kommunekontaktar og kommunekontaktar som ønskjer oppdatering. Det er viktig at kommunane er kjende med mål og prinsipp for ordninga og dei til ein kvar tid gjeldande føringane frå Kulturdepartementet og Norsk kulturråd. Vi må òg arbeida for auka kompetanse i å utvikla lokale produksjonar.

Vi har som mål å gjennomføra eit to- eller tredagars seminar kvar vår for kommunekontaktane. Hovudmålet med desse samlingane er å skapa nettverk og samarbeid kommunane mellom, inspirasjon, løft, ny kunnskap og vidare utvikling av DKS Rogaland.

Samarbeid med skulane

Rogaland fylkeskommune vil organisera arenaer for kulturkontaktane i fylket (kontaktane på dei enkelte skulane). Dette inneber kompetanseheving i form av aktuelle foredrag om kunst og kultur i skulen, smakebitar av det DKS/Rikskonsertane kan tilby og korleis ein kulturkontakt kan gjera ein god jobb på skulen sin. Føremålet er også at kulturkontaktane kan bli kjende med kvarandre over kommunegrensene for utveksling av idear og erfaringar.

Fylkeskommunen vil også spela ei rolle i å bera vidare dei behova som skulane har for å kunna gjera ein god jobb, dette gjeld t d tidsressursar, kompetanseheving og forankring i skulens leiing. Dette kan gjerast i form av regionale tilrådingar overfor skuleeigarar og -leiarar.

Målet er å arrangera regionvise dagssamlingar for kulturkontaktane kvar haust.

Fylkeskommunen har utarbeidd ei handbok for kulturkontaktar. Denne må haldast oppdatert.

Vi meiner også at det er viktig at foreldre veit kva ungane/ungdomane deira opplever på skulen og at dei er kjende med DKS/Rikskonsertane.

Elevmedverking

Både elevar og lærarar er viktige for at formidlingssituasjonen i skulen skal vera optimal. Kursopplegget “Elevar som arrangørar” viser seg å ha stor ringverknad også på lærarane. Dette er eit opplegg vi vil halda fram med å tilby, men det er også viktig å utvikla kursopplegg som skulane/kommunane sjølv kan bruka.

Kulturutredninga sitt fokus på barn og unges perspektiv må takast alvorleg, og modellar for elevdeltaking og tilbakemeldingar må utviklast.



Albin Prek. Litteratur. 5. – 7. trinn.

VIDAREGÅANDE SKULE

Samarbeid med skulane

Samarbeidet med die vidaregåande skulane må organiserast ulikt samarbeidet med grunnskulane. Den viktigaste årsaken til dette er at dei vidaregåande skulane er organisert direkte under fylkeskommunen, og ikkje kommunevis slik som grunnskulen.

Kontakt og informasjon må gå direkte til den enkelte skule.

Det er viktig at det er utnemnt ein kulturkontakt på kvar skule, som har ansvaret for heile skulen, og at dette er forankra i leiinga ved skulen.

Det er oppretta møteplass mellom DKS Rogaland og kulturkontaktane to gonger per år. På våren vert programmet for neste år presentert og på hausten er det viktig med gjennomgang av samhandling, t d om forankring i skulen, kulturkontaktens oppgåver og arbeidsmetodar, rutinar for påmelding, informasjon om mottak av utøvarar og krav til publikum.

Det er òg avgjerande at opplæringsdirektøren i fylkeskommunen stiller seg bak DKS og at ordninga er forankra i skuleleiinga på fylkesnivå.

Omfang

I dag går tilbod om produksjonar ut til dei offentlege vidaregåande skulane. Men det er også krav/ønske om at DKS skal nå ut til heile det vidaregåande apparatet, som t d opplæring i fengsel, vaksenopplæring og private vidaregåande skular.

Elevmedverking

På same måte som i grunnskulane må det vera fokus på elevmedverking. For dei vidaregåande skulane gjeld òg at elevar bør bli høyrd når det gjeld utvelging av produksjonar til skulen. Dette krev samarbeidsmodellar som kan utviklast i samarbeid mellom fylkeskommunen og den enkelte skulen.

Samhandling/marknadsføring

Det er utarbeidd klåre rutinar og fristar for utsending av tilbod, påmelding og turnélegging. Dette er nedfelt i eit informasjonshefte for dei vidaregåande skulane.

Ressursar

DKS Rogaland har ikkje fått tilført auka stillingsressurs etter at fylka vart pålagde å innføra DKS i vidaregåande skule. Det har i periodar vore utnemnt ein tilsett i opplæringsavdelinga til dette arbeidet, og desse har medverka til god framgang, men så lenge denne forankringa har vore ustabil, er det usikkert å planleggja. Det er behov for minst ein stillingsressurs knytt til kursetaksjonen og ein halv knytt til opplæringsavdelinga dersom drift av DKS i vidaregåande skula skal vera stabil og at det ønska volumet på to produksjonar per elev i snitt skal kunna gjennomførast.

BARNEHAGE

Barnehagane får tilbod annakvart år om ein rikskonsert spesielt tilpassa aldersgruppa. Fylket er delt inn i fire område etter barnetal og kvar av desse områda for tilbodet gjennom barnehagesjef/-konsulent. For barnehagane gjeld påmeldingssystem.

Rikskonsertane har signalisert ønske om å utvida tilbodet til barnehagane.

I dag er det volumet vi kan tilby nokså samsvarande med etterspørselen. Men vi reknar med at denne vil vera aukande, og det er ønskjeleg å utvida tilbodet i takt med etterspørselen. Vi har førebels ikkje vurdert å auka frekvensen på konsertane, til t d ein konsert per år.

Fylkeskommunen stiller med same sum som Rikskonsertane til barnehagekonsertane. I dag er det 200 000 kroner per år.



Husene på Bronselurberget. Konsert. Barnehage.

UTØVARAR

DKS som arbeidsgjevar

DKS Rogaland har som mål å vera ein tydeleg arbeidsgjevar. Det må vera tydeleg kva for krav og rutinar som gjeld, og at DKS Rogaland følgjer den nasjonale rammeavtalen for oppdrag i Den kulturelle skulesekken/avtale mellom Rikskonsertane og Musikernes fellesorganisasjon/Norske Dansekunstnere.

Denne avtalen er inngått mellom fylkeskommunane og kunstnarorganisasjonane og inneholder vilkår om løn/honorar, dekking av utgifter, arbeidsdagens lengd m.m.

Det er eit mål at utøvarane skal få utbetalt løn og utgifter raskt. Produsentane må ha oversikt over forventa utgifter og kunna følgja opp.

Utøvarane må ikkje ha for strame tidsskjema på turné, og dei må få god informasjon om distriktet dei skal turnera.

Søknadsprosess

Det har kome fram i fleire samanhengar (m.a. i rapporten frå Uni Rokkan-senteret og Høgskulen i Bergen) at utøvarane er usikre på korleis prosessen kring val av produksjonar og utøvarar går føre seg.

Det er viktig å ha god informasjon om prosess og val. DKS Rogaland legg kvart år informasjon med søknadsskjema på nettsidene www.skolesekken-rogaland.no om fristar og spesielle ønske for neste skuleår. Frist for søknad er 1. november.

Fagprodusentane går saman i produsentgrupper og vurderer dei enkelte prosjekta. Desse «konkurrerer» då med ferdige produksjonar som kan kjøpast gjennom dei nasjonale aktørane eller andre fylke og eigeninitierte produksjonar. Har vi ein god produksjon, vert denne sendt rundt i heile fylket. Det kan ta fire – fem år.

Nokre av dei innsendte forslaga kan dessutan vera interessante å vidareutvikla på litt lengre sikt.

Utøvarane som har sendt inn søknader skal få svar seinast 15. februar.

Kompetansebygging

Sekretariatet for DKS (Norsk kulturråd) arrangerer frå hausten 2013 regionale kunstnarnettverk. Rogaland er med i kunstnarnettverket for Vestlandet saman med Hordaland og Sogn og Fjordane. Rogaland deltek med informasjon, organisering og finansiering av dette.

DKS Rogaland organiserte tidlegare eigne utøvarsamlingar der utvikling av kompetanse som næringsdrivande og utøvar på turné var emne. Dessutan var nettverksbygging og erfaringsutveksling utøvarane mellom eitt av måla.

Dersom dei regionale samlingane held fram, ser vi på det som ein betre løysing, både fagleg og økonomisk. Men fylkeskommunen har eit ansvar overfor utøvarane og må ta tak dersom dei nemnde samlingane ikkje held fram.

DKS Rogaland er i gang med å utvikla ein handbok for utøvarar på turné, tilpassa Rogaland.

Samarbeid mellom produsent og utøvar

DKS Rogaland er oppteken av at det skal vera eit tett og presist samarbeid i alle fasar mellom produsent og utøvar, slik at misforståingar ikkje kan oppstå.

Det gjeld gjennomgang av klargjeringsskjema, kontraktar og avtalar på eit tidleg tidspunkt i prosessen. Produsentane skal også vera synlege og følgja opp produksjonane undervegs.

Produsentane har ansvaret for at det er teknisk utstyr tilgjengeleg, også reserve, og dei må vurdera bruk av teknikar.

Produsenten er fagleg rettleiar for utøvarane.

Stimulera utøvarar i regionen

DKS Rogaland ønskjer gjennom oppdrag i Den kulturelle skulesekken å stimulera utøvarar i regionen, dersom kvaliteten er god og form/innhald dekkjer behova frå DKS.



Kjerkå. Musikk. 8. – 10. trinn.

SAMARBEID MED KUNST-, KULTUR- OG UTDANNINGSINSTITUSJONAR

Nasjonalt nivå

Sekretariatet for Den kulturelle skulesekken er lagt til Norsk kulturråd. Kvart fylke har ein fylkeskontakt som er organisert i eit fylkesnettverk.

Det er også organisert eit nettverk av nasjonale aktørar, dette er organisasjonar som representerer dei ulike kunstartane:

- Rikskonsertane (musikk)
- Nasjonalmuséet for kunst, arkitektur og design (visuell kunst)
- Norsk scenekunstbruk (scenekunst)
- Film & kino (film)
- Norsk forfattersentrum (litteratur)
- Norsk kulturråd (kulturarv)

Desse organisasjonane møter fylkesnettverket og Norsk kulturråd eit par gonger i året, og organiserer seminar, kulturtorg m m for aktørar innan dei enkelte kunstartane. Det er eit mål at dei enkelte fagprodusentane i DKS Rogaland kan delta på samlingar i regi av dei nasjonale aktørane.

Rikskonsertane lanserte i 2011 omgrepene kombikonsertar. Det vil seia at utøvarar som er på skulekonsertturné også kan halda konserter andre stader, t d på kulturhus om kveldane og på arbeidsplassar på dagtid. Dette er særleg aktuelt på små stader der det frå før ikkje er mange kulturtilbod. Kombikonsertane kan også organiserast slik at sjølv konsernen vert arrangert som open konsert om kvelden, medan utøvarane leiar elevverkstad på skulen i skuletida som førebuing til kveldskonserten.

Det ligg ikkje økonomiske ressursar frå Rikskonsertane til ordninga med kombikonsertar, men ein kan søkja arrangørstøtte frå Kulturrådet. Nokre fylke har tilskotsordningar.

Rogaland fylkeskommune vil i planperioden sjå på korleis og i kva omfang ein kan utvikla kombikonsertar, og då i første omgang i dei minste kommunane.

I Rogaland

DKS Rogaland samarbeider med muséa i fylket i første omgang ved å marknadsföra tilboda deira i katalogen og på nettsidene. Det er mest aktuelt for dei enkelte kommunane å samarbeida med dei lokale muséa om elevbesök, både på grunn av at det tek mykje tid og pengar å frakta elevar, men også av di fylkeskommunen ikkje tibyr mange produksjonar innan kulturarv.

DKS Rogaland har likevel tett samarbeid med institusjonane innan visuell kunst. Ved produksjon innan kulturarv, ønskjer vi også at det går føre seg i samarbeid med muséa i fylket.

DKS Rogaland har i fleire år samarbeidd med Stavanger Symfoniorkester og kvart år får eit utval elevar på mellomsteget koma på konsert i Stavanger konserthus. Målet er at alle får koma til konserthuset ein gong i løpet av grunnskulen.

I dag er det ein del kommunar i nordfylket og Ryfylke som ikkje får vera med på ordninga grunna lang reise. Det er eit mål å utvida samarbeidet med SSO slik at dei også kan driva turnéverksemd og med det nå alle elevane i fylket.

Dei regionale teatera og DKS har dei siste åra utvikla samarbeid kring produksjonar. Teatera har utvikla stykke som eignar seg for turnéverksemd etter initiativ frå DKS Rogaland, og teatera og DKS har samarbeidd om nyproduksjonar.

DKS Rogaland er oppteken av eit godt samarbeid med universiteta i regionen. Per dato samarbeider vi med Universitetet i Stavanger, avdeling for musikk og dans gjennom *Unge nye*, der DKS saman med sisteårsstudentar produserer framsyningar for skulane i Rogaland.

Det er viktig at ikkje berre studentar innan musikk og dans kjenner DKS og har forståing for kvifor det er viktig med kunst og kultur for alle barn og ungdommar. Eit mål er difor å nå alle lærarstudentar med informasjon og smakebitar av kva DKS har å tilby, samt å promotera DKS som kvartårseining innan all lærarutdanning.

Rogaland fylkeskommune vil satsa på å gje ein produksjon i året, hovudsakleg i form av ein konsert, til alle lærarstudentar i Rogaland. Med konserten vil vi også informera om DKS/Rikskonsertane som del av innhaldet i skulen.



Klassisk musikk og samtidsmusikk. 5. – 7. trinn

SAMARBEID MED UNGDOMMENS KULTURMØNSTRING OG KULTURSKULANE

Den kulturelle skulesekken, Ungdommens kulturmønstring (UKM) og Norsk kulturskuleråd signerte i 2010 ein intensjonsavtale og samarbeid mellom dei tre ordningane. Dette samarbeidet må også utviklast på fylkes- og kommunenivå.

Dei tre ordningane er dei mest sentrale i regjeringa sin kulturpolitikk for barn og unge (Stortingsmelding nr. 8 – *Kulturell skulesekk for framtida*).

Målet med intensjonsavtalen er ei styrka og meir koordinert samhandling lokalt, regionalt og nasjonalt.

Dei tre viktigaste intensjonane med avtalen er

- At dei tre aktørane skal vera samarbeidspartnarar og ikkje konkurrentar
- Informasjonsspreiing
- Felles prosjekt og idéutvikling

Kulturskulane har i prinsippet læring som hovudmål.

UKM har eigenaktivitet.

DKS har oppleving som sitt hovudmål,

men det er dei same barna/ungdomane som er målgruppa for alle tre ordningane.

Det er på det lokale planet at ordningane vert gjennomført i praksis. I kommunane finst det mykje kompetanse som kan og bør koplast. Det er også ofte dei same personane som har ansvaret for minst to av ordningane – t d UKM og DKS eller DKS og kulturskulane.

I Rogaland er UKM og DKS administrert av fylkeskommunen, medan kulturskulane er kommunale ordningar, koordinert av kulturskulerådet.

Rogaland fylkeskommune vil ta tak i dette og arrangera ein konferanse for dei ansvarlege for UKM, DKS og kulturskulane i Rogaland.



Rockebandet No Resistance. UKM 2013.

6. OPPSUMMERING OG PRIORITERTE OPPGÅVER

Kunstnarisk produksjon

Den viktigaste oppgåva for DKS Rogaland er å sikra høg kunstnarisk kvalitet på alle produksjonane, inkludert sjølve formidlinga og turnélogistikken. Til dette trengst kompetanse, rutinar og kapasitet.

Vidaregåande skular

Nest øvst på prioriteringsslista er kapasitet til administrering av DKS i dei vidaregåande skulane.

Barn og unges medverking

Utvikling av modellar for medverking for deltaking, kritikk og dialog med barn og unge er både ein måte å sikra kvaliteten i produksjonane og formidlinga, samt å oppfylla ønska frå kulturdepartementet og Kulturutredningen 2014.

DKS, UKM og kulturskulane

Desse tre ordningane signerte i 2010 ein intensjonsavtale om samarbeid. Dette må følgjast opp på fylkes- og kommunenivå.

Vidare utfordringar

Det er formulert fleire hovudutfordringar som ikkje er teke med i den prioriterte lista. Det gjeld

- Systematisk samarbeid mellom kultur og opplæring på alle nivå. For Rogaland er det i første omgang et formelt samarbeid mellom fylkeskommunen og fylkesmannen (utdanningsavdelinga) som treng å styrkast.
- Kombikonsertar/publikumskonsertar i samarbeid med Rikskonsertane.
- Auka volum på barnehagekonsertar.
- Utvida samarbeidet med SSO slik at alle elevar i Rogaland får oppleva ein symfonikonsert i løpet av skuletida.
- Utvida samarbeidet med UiS så alle lærarstudentar vert kjende med DKS og at kunnskap om DKS vert ein del av lærarutdanninga.
- Den kulturelle spaserstokken.

7. FAKTA OG STATISTIKK

Grunnskule

2010/2011

Elevar i grunnskulen i Rogaland	58 993
Grunnskular i Rogaland	241

Tildelte spelemedialar	kr . 9 919 185,-
------------------------	------------------

	<u>Produksjonar</u>	Hendingar	Deltakrar
• Film	10	220	8 357
• Litteratur	4	90	5 076
• Kulturarv	0	0	0
• Visuell kunst	6	52	2 798
• Scenekunst	5	296	12 671
• Musikk	27	874	112 448
<u>Sum</u>	<u>52</u>	<u>1 532</u>	<u>141 350</u>

Her er registrert skulekonsertar for alle elevane i fylket, medan DKS-produksjonane ikkje omfattar Stavanger og Karmøy (100%-kommunane).

2011/2012

Elevar i grunnskulen i Rogaland	58 923
Grunnskular i Rogaland	237

Tildelte spelemedialar	kr. 9 925 783,-
------------------------	-----------------

	<u>Produksjonar</u>	Hendingar	Deltakrar
• Film	5	220	11 012
• Litteratur	2	83	4 497
• Kulturarv	1	1	20
• Visuell kunst	4	226	7 848
• Scenekunst	7	148	9 559
• Musikk	27	790	116 553
• Fleire sjangrar	1	10	1 405
<u>Sum</u>	<u>47</u>	<u>1 478</u>	<u>150 894</u>

2012/2013

Elevar i grunnskulen i Rogaland	58 808
Grunnskular i Rogaland	239

Tildelte spelemedialar	kr. 9 939 731,-
------------------------	-----------------

	Produksjonar	Hendingar	Deltakrar
• Film	3	71	1 902
• Litteratur	5	252	10 968
• Kulturarv	1	66	1 970
• Visuell kunst	1	49	2 327
• Scenekunst	10	292	15 303
• Musikk	30	809	110 772
• Fleire sjangrar	1	22	3 321
<u>Sum</u>	<u>51</u>	<u>1 561</u>	<u>146 563</u>

Vidaregåande skule

2010/2011

Elevar i offentleg vidaregåandeskule i Rogaland 15 800
 Offentlege vidaregåande skular i Rogaland 29

Tildelte spelemedlar kr. 2 700 000,-

	Produksjonar	Hendingar	Deltakrar
• Film	3	13	1 197
• Litteratur	0	0	0
• Kulturarv	0	0	0
• Visuell kunst	2	42	1 310
• Scenekunst	1	5	1 870
• Musikk	2	13	6 560
• Fleire sjangrar	1	1	580
<u>Sum</u>	<u>9</u>	<u>74</u>	<u>11 517</u>

2011/2012

Elevar i offentleg vidaregåandeskule i Rogaland 17 616
 Offentlege vidaregåande skular i Rogaland 30

Tildelte spelemedlar kr. 2 800 000,-

	Produksjonar	Hendingar	Deltakrar
• Film	4	56	2 783
• Litteratur	3	64	1 808
• Kulturarv	0	0	0
• Visuell kunst	2	100	2 159
• Scenekunst	3	19	2 476
• Musikk	5	29	9 602
<u>Sum</u>	<u>17</u>	<u>268</u>	<u>18 828</u>

2012/2013

Elevar i offentleg vidaregåandeskule i Rogaland	16 055
Offentlege vidaregåande skular i Rogaland	28

Tildelte spelemidlar	kr. 2 900 000,-
----------------------	-----------------

	Produksjonar	Hendingar	Deltakrar
• Film	3	132	3 056
• Litteratur	2	78	3 190
• Kulturarv	0	0	0
• Visuell kunst	5	150	5 647
• Scenekunst	3	17	2 856
• Musikk	4	25	4 409
• Fleire sjangrar	1	2	120
Sum	18	404	19 278

2013/2014

For skuleåret 2013/2014 vart 23 ulike produksjonar lagt ut.

Det kom inn om lag 39 000 påmeldingar. Volumet vart justert ned til ca 32 0000.



Nils-Olav Johansen. Skulekonsert. 8. – 10. trinn.